For fangst i 2020 er det forslag om at det vert avsett eit kvantum makrellstørje til rekreasjon- og merk- og slippfiske etter makrellstørje, og at laga som får løyve til å delta i dette fisket kvar får fange ein makrellstørje til «matauk», og må merke og sleppe anna fanga størje.

Den norske kvoten av makrellstørje for 2020 er fastsett til 300 tonn. Erfaringar frå fisket dei seinare åra tilseier at det er viktig at så mange fartøy som mogleg får tilgang til å delta i fisket. Tilbakemeldingar frå fartøy som har delteke i fisket syner at makrellstørja beveger seg over store strekningar på kort tid, og fiskarane er avhengige av observasjonar for å få fiska kvoten. I tillegg har dårleg ver gjort fiske etter makrellstørje svært vanskeleg dei siste åra.

Erfaringane syner at det å fiske etter makrellstørje med line i Norske farvatn er krevjande. Havforskningsinstituttet viser til at moglege årsaker til at det ikkje vert teke fleire makrellstørjer på line kan være reiskapsutforming, agntype, settemetode og manglande erfaring, i tillegg til god fødetilgang og dermed liten motivasjon hos størja til å ta agnet.

Økonomi

I samband med fisket etter makrellstørje er store inntekter ofte nemnd. Det er makrellstørjer som vert seld til millionar på det japanske marknaden. Dette er diverre nok berre unntaksvis, og fisket etter makrellstørje er mindre lukrativt enn det mange trur, mellom anna fordi kostnadane med fisket er svært høge.

Det er ønske om ei rulleringsordning for fartøy som ønskjer å delta i fisket etter makrellstørje. Ei slik ordning vil vere meir føreseieleg for næringa, bidra til at fartøy kan samarbeide om reiskap og på den måten holde kostnadane nede og utveksle kunnskap.

Ei rulleringsordning vil og kunne bidra til at det vert lettare å planlegge økonomien i fisket blant anna ved at arbeidet opp mot potensielle kjøparar av makrellstørje kan starte tidlegare. Det er ein fordel at fartøy deltek i fisket over fleire år, slik at dei får høve til å opparbeide seg erfaring, inngå meir langvarig samarbeid med mottakarar og kjøparar, og sikre god kvalitet på fangsten av makrellstørje. I samband med dette syner Fiskeridirektøren til at fartøya som fiskar etter makrellstørje har store kostnadar i samband med fisket. Dersom fartøya får fiske fleire år i strekk vil moglegheita for at fartøya går i pluss auke, og at fisket etter makrellstørje er eit fiskeri som fiskarane ynskjer å delta i.

Den norske marknaden har til no ikkje vore stor nok til å ta imot heile den norske kvoten av makrellstørje. Erfaringa frå dei seinare åra tilseier at det kostar mye å sende makrellstørje ut av landet, til dømes Japan, blant anna som følgje av kostnadar til emballasje og transport (fly mv.). For å sikre lønsemda i å fiske etter makrellstørje er det svært viktig at næringa held fokus på kvalitet og på mottaksapparat, og legger ein plan for omsetning av makrellstørje. Tilbakemeldinga frå fiskarane som har delteke i fisket har vore at det til tider har vore vanskeleg å få omsett makrellstørja, sjølv om kvaliteten har vært god. På det japanske marknaden er kravet til kvalitet svært høgt, og det er derfor viktig at fartøya syt for best mogleg kvalitet.

Andre opplysningar

Fisket etter makrellstørje (*Thunnus thunnus*) 2020 regulerer dette fiske.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-09-246?q=makrellst%C3%B8rje>

Fylkesdirektøren vil løfte fram ein del av krava i forskrifta.

§ 12. Observatører

Ringnotfartøy som fisker makrellstørje må ha observatør fra ICCATs regionale observatørprogram om bord 100 % av tida. Fartøyet må sjølv bære disse kostnadene, og før observatør tildelast må alle kostandane være betalt. Vidare pliktar fartøyet å sørge for lugar, mat og sanitære tilhøve tilsvarande det offiserane har, og det krav om tilgang til ein rekke dokument, satelittnavigasjonssystem, radar, elektronisk kommunikasjonsutstyr, tilstrekkeleg med plass på brua om bord slik at observatøren kan utføre oppgåvene sine m.m. Det er også krav om at observatøren må være dekket av forsikringa om bord.

Det norske regelverket inneber at 20 % av fartøy som fisker med line, uavhengig av lengde, skulle ha observatør ombord. Fartøya kan bli pålagt å ta prøver på vegne av Havforskningsinstituttet i dei høva det ikkje er ein havforskar om bord.

§11 Krav til merk- og slipp- og rekreasjonsfiskere som ønsker å delta i fisket

I ein del land utøvast fritidsfiske som ein viktig del av det kommersielle fisket etter makrellstørje. Her må det understrekast at ICCATs forvaltningsplan for makrellstørje stiller strenge krav til slikt fiske. Mellom anna er det krav om at alle fartøy som skal delta må ha særskilt løyve frå nasjonale myndigheiter, at fartøya i størst mogleg utstrekning skal sleppe ut igjen levedyktig størje, at fartøy i utgangspunktet ikkje kan lande meir enn ein størje per dag, og at størje tatt i desse fiskeriene ikkje kan omsettast, men skal trekkast frå kvoten. I tillegg skal fangstdata på all makrellstørje som fanges i dette fiskeriet registrerast og sendes til sekretariatet i ICCAT.

Nytt av i år er mellom anna at det er opna for eit rekreasjonsfiske etter makrellstørje for 24 lag.

i Forskrift om regulering av fisket etter makrellstørje (*Thunnus thunnus*) 2020 regularar dette fiske

Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at det ikkje vil vere lønsamt med fleire små kommersielle aktørar i mindre fartøy når kostandane knytt til dette fisket er så høge. Det vil såleis gje lite påverknad på sysselsetjing og svært lite innverknad på marin verdiskaping på Vestland. I tillegg er det store

utfordringar med omsyn til sikkerheita til rekreasjonsfiskarar. Likeså er det usikkert om ein gjennom rekreasjonsfisket kan stette krava i forskrifta.

Politiske saker

PS 58/20 Aqua-Nor 2021 - fellesstand

Saksnr: 2020/72034-1
Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	58/20	15.10.2020

Aqua-Nor 2021 - fellesstand

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil delta med eigen fylkesstand under Aqua-Nor 2021.
2. Fylkesrådmannen får mynde til å arbeide vidare med prosjektet. Det vert etablert ei prosjektgruppe som planlegg og gjennomfører aktiviteten.

Samandrag

Gjennom Vestlandsrådet har akvakulturnæringa på Vestlandet i ei årrekke vore godt synleggjort under Aqua Nor-messene gjennom ein fellesstand. I år legg dei to andre vestlandsfylka opp til eigen stand, og det det blir såleis nytt i 2021 med ein fylkesdekkande stand for akvakulturrelaterte verksemder og organisasjonar frå Vestland fylke. Ei prosjektgruppe med både interne og eksterne representantar vil syte for framdrift i prosjektet. Tiltaket er i tråd med føringar i Marin tiltaksplan (PS 22/2020) som vart godkjent av hovudutval for næring i møtet den 16. april i år.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar,
landbruk og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dei fire tidlegare (og noverande) fylkeskommunane på Vestlandet har gjennom ei rekke år lagt til rette for ein fellesstand på Aqua Nor for bedrifter og næringsliv knytt til akvakulturnæringa på Vestlandet. Aqua Nor vert arrangert i Trondheim i august anna kvart år, og er det største akvakulturmessa i verda. Den er i tillegg ein viktig fagleg møteplass og ei rekke ulike aktørar arrangerer foredrag, seminar, kåringer med meir.

Som eit stort oppdrettsfylke er det viktig for Vestland å synleggjere akvakulturretta næringsliv med komplette verdikjeder, FoU institusjonar, næringsorganisasjonar og klynger. For fylkeskommunen er det eit godt høve til å demonstrere fylkeskommunen sin aktivitet og ansvar innan vidaregåande opplæring, fagskular, akvakulturforvaltning, planlegging, forskingsfinansiering og tilretteleggingsprosjekt.

Neste messe vil vere i august 2021 og planlegging for gjennomføring må starte opp hausten 2020. Det er tinga areal i messehall D.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse i denne saka.

Vurderingar og verknader

Stand for Vestland eller Vestlandet?

På Aqua Nor 2019, valde Møre og Romsdal å ha eigen stand under messa, medan dei tre andre vestlandsfylka vidareførte samarbeidet og arrangerte ein fellesstand. Det er avklart at Møre og Romsdal også i 2021 stiller med eigen stand. Etter kontakt med administrasjonen i Rogaland fylkeskommune kjem det fram at om dei skal delta på Aqua Nor i 2021, vil også dei ha ein eigen stand for sitt fylke. Det vert difor klart at det på messa i 2021 vert ein fylkesdekkande stand for Vestland fylke vi arrangerer.

Planlegging, organisering og gjennomføring av fellesstanden

Vestlandet sin fellesstand har tidlegare kjøpt inn tenester for å gjennomføre det ressurskrevjande arbeidet med planlegging av messestand, innsal av standplass til bedrifter og næringsliv, kontakt med underleverandørar og det praktiske arbeidet med design og bygging av stand. Dette er aktuelt også denne gongen, men vi vil også vurdere alternative løysingar saman med eventuelle samarbeidspartnarar i dette prosjektet.

I den innleiande fasa i planlegginga har fylkeskommunen sendt ein uforpliktande førespurnad til nokon av våre regionale samarbeidsaktørar og FoU-miljø om dei vil ha interesse av å vere medarrangør eller samarbeidspart på ein slik stand. Så langt fleire organisasjonar respondert positivt. Dette kan bli noko nytt og spennande for fellesstanden og vi vil følge opp desse og andre aktørar nærare med tanke på samarbeid i ein eller anna form.

Ansvar for planlegging og gjennomføring er lagt til INN - Naturressurs, landbruk og reiseliv. Det skal etablerast ei arbeidsgruppe med deltaking internt i fylkeskommunen og med aktuelle partnarar.

Fellesaktivitetar under messa

Vi legg opp til å følge tradisjonen med å invitere representantar frå politisk og administrativt nivå til å vitje messa og fellesstanden. Vi lager då eit opplegg der desse får møte relevante bedrifter, FoU-institusjonar og aktørar frå fylket eller vestlandet for å bli kjend med det marine næringslivet i regionen.

Tidlegare erfaringar/evalueringar

Etter kvar fellesstand på Aqua Nor-messene har det vore gjennomført evaluering av messa. Oftast vart denne gjort både av innleigd konsulent og frå arbeidsgruppa som var sett saman av ein marin medarbeidar frå kvart av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. Dette har gjeve oss greie og relevante innspel og vi har hausta mange nyttige erfaringar vi vil ta med oss inn i det vidare arbeidet. I tillegg har Sogn og Fjordane gjennom ei lang rekke år også arrangert ein fylkesstand for fiskerinæringa under Nor-Fishing (som vert arrangert dei åra det ikkje er akvakulturmessa). Slik

har vi også hausta erfaringar med fleire modellar for organisering og samarbeidsrelasjonar med næringslivet for gjennomføring av fellesstanden.

Korona

Grunna Korona-pandemien vart fiskerimessa Nor-Fishing 2020 avlyst. Det er sjølvstusagt usikkert om ei akvakulturmessa kan la seg gjennomføre, men på si heimeside stadfester Aqua Nor at dei planlegg gjennomføring av ei tradisjonell messe i 2021. I tilfelle avlysing som følge av pandemien, vil arealleiga bli tilbakebetalt til utstillarane.

Økonomi: I Marin tiltaksplan (PS 22/2020) som vart godkjent av hovudutval for næring i møtet den 16. april, er tiltaket skissert med ei kostnadsramme på kr. 600 000. Men tiltaket er ikkje finansiert pr no. Dette vert det arbeidt vidare med. Avhengig av kven som vert våre endelege samarbeidspartnarar vil vi vurdere ulike modellar for finansiering av fellesstanden under Aqua Nor 2021.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Marine næringar er av stor viktighet for Vestland og kystsamfunna våre. Styrking av verdikjeda knytt til akvakultur bygger opp under mål i regional planstrategi.

Konklusjon

Som eit stort oppdrettsfylke er det viktig å legge til rette for at den akvakulturretta verdikjeda i fylket får høve til å presentere seg på Aqua Nor i 2021. Vidare er det eit godt høve til at Vestland fylkeskommune får presentert sin aktivitet og sitt ansvar innan vidaregåande opplæring, fagskular, akvakulturforvaltning, planlegging, forskingsfinansiering og tilretteleggingsprosjekt på den viktigaste nasjonale og internasjonale møteplassen for akvakulturnæringa.

Sidan dei andre to fylkeskommunane på Vestlandet vel å stille meg eigen stand, vil dette også bli ein fylkesdekkande stand i 2021. Tiltaket er i tråd med føringar i Marin tiltaksplan (PS 22/2020) som vart godkjent av hovudutval for næring i møtet den 16. april i år. Det vert arbeidt vidare med finansieringsløysinga, men ein må ta ei avgjerd no om kor vidt vi tenkjer å vere med på denne messa.

Saksnr: 2020/72229-1
Saksbehandlar: Lasse Maidstone

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	59/20	15.10.2020

Disponering av rekneskapsoverskot til eksterne tiltak

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring ynskjer å dempe konsekvensane av korona-pandemien med eit sett tiltak med ei samla kostnadsramme på 16,9 mill. kr frå disposisjonsfond (korona-situasjon; ekstern støtte). Tiltaka vil bli innanfor denne ramma:
 - a. Auka midlar til koronarelaterte utviklingsprosjekt gjennom Handlingsprogram for Vestland 2020
 - b. Utsette område
 - c. Utsette bransjar
 - d. Eigen-initierte tiltak
2. Hovudutval for næring gjev administrasjonen fullmakt til forvaltning av løyvinga, inklusive fordelinga mellom tiltaka og presisering av tildelingskriteria.

Samandrag

Mange bransjar og næringsdrivande i Vestland har stått og står overfor store økonomiske utfordringar som følgje av korona-pandemien og nedstenginga av samfunnet.

Til å avhjelpe situasjonen rundt dette har fylkesutvalet tildelt hovudutval for næring 17,9 mill. kr av overskotet frå 2019. Hovudutvalet har fullmakt til å disponere midlane, men det er gjort intensjonsvedtak om å bruke midlane til ekstern støtte til lokalsamfunn og næringsliv med ekstraordinære behov grunna korona-situasjonen. Hovudutval for næring løyvde i utvalsmøte 15.september, sak 55/2020, ein million kroner til ein scenarioanalyse, og den disponible summen er difor 16,9 mill. kr.

Midlane bør nyttast til viktige utviklings- og omstillingstiltak i næringslivet, som utfyller og styrker dei statlege og kommunale tiltaka, og som bygger vidare på det fylkeskommunen allereie har gjort, mellom anna gjennom tiltakspakka i vår. Dette kan både gjerast som ei utviding av eksisterande tilskotsordning og ved å oppretta nye ordningar.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Ingrid Birkelund
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Søknader aktuelle for korona-vurdering

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Mange bransjar og næringsdrivande i Vestland har stått og står overfor store utfordringar som følgje av koronapandemien og nedstenginga av samfunnet. Bestemte bransjar er særleg hardt ramma, deriblant reiselivet og leverandørindustrien til offshore-sektoren.

Regjeringa og Stortinget har sidan starten på pandemien implementert sterke finanspolitiske verkemidlar for å motvirke dei økonomiske konsekvensane. Inklusive dei seinaste økonomiske tiltaka, foreslått 21. september, utgjer nasjonale koronarelaterte tiltak til saman om lag 125 milliardar kroner for 2020.

Statlege næringsretta tiltak har særleg hatt fokus på å unngå unødige konkursar og oppseiingar ved å sikre norske bedrifter auka likviditet. Fylkeskommunen har supplert dette med ei rekke tiltakspakker til eit samla beløp på 152,3 millionar kroner i ekstraordinære utlysingsmidlar og andre økonomiske tiltak (sjå saka *Tiltakspakke Vestland, ei oversikt over korona-relaterte tiltak* for utdjupa oversikt). Fylkeskommunen har i sine løyvingar vore oppteken av å identifisere område der vi kan gjere ein skilnad. Samtidig gir fylkeskommunen som hovudregel ikkje direkte bedriftsretta støtte. Dette er det Innovasjon Norge som gjer. Fylkeskommunen har difor i utviklinga av tiltakspakkane sine hatt merksemd på rolla som regional koordinator og samfunnsutviklar ved å fokusere midlane på kompetanseheving, inkubatorar og innovasjonsmiljøa, entreprenørskap og omstilling til meir beredyktig praksis.

Utviklinga i økonomien har gjennom sommaren generelt vorte meir positiv enn venta, men situasjonen er framleis prega av usikkerheit og store utfordringar i særskilte bransjar. Fylkeskommunen kan difor enno gjere ein stor skilnad for næringslivet på Vestlandet ved å målrette støtteordningar mot utvalde tiltak.

Ramma for disposisjonsfond

9. juni avsette Fylkestinget rundt halvparten av 2019-overskotet frå gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune, 35,8 mill. kr, til eit disposisjonsfond til ekstern støtte med omsyn til koronasituasjonen (PS 35/2020). I same møte vedtok fylkestinget ein intensjon (PS 80/2020) om å bruke midlane til å «*ta medansvar for å dempe verknadane i utsette bransjar og lokalsamfunn*» med tiltak som vil «*komplementere statlege, kommunale og private ordningar*».

Fylkesutvalet har vedtatt at halvparten av desse avsette midlane skal tildelast til hovudutval for næring med fullmakt til å fordele midlane etter eigne tildelingskriterium (PS 135/2020). Hovudutvalet har tidlegare løyvd 1 mill. kr frå dette disposisjonsfondet til å finansiere scenarionalysar for konsekvensane for næringslivet av koronapandemien (PS 55/2020). Det resterande beløpet i fondet er 16 883 084,36 kr.

Auka midlar til koronarelaterte utviklingsprosjekt gjennom Handlingsprogram for Vestland 2020

Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 (HNV 2020) er styrande for bruken av dei næringsretta utviklingsmidlane. Søkarar kan søkje om delfinansiering til planlegging og gjennomføring av tilretteleggande utviklingsprosjekt og tiltak som støttar opp under mål og strategiar frå handlingsprogrammet (omstilling, entreprenørskap og styrka innovasjonsevne, kompetanse og karriere, berekraftige byar og samfunn, naturressursar, grøn konkurransekraft og klimainnovasjon).

Det har i år vore rekordstor interesse for ordninga. Ved årets første utlysing med søknadsfrist 15. april var det 117 søknadar og eit samle søknadsbeløp på 156 mill. kr. Det vart tildelt 16,6 mill. kr. Ved den andre utlysinga med søknadsfrist 15. september vart dei resterande 5 mill. kr tildelte. VLFK har i den andre utlysinga motteke 81 søknadar, med ein samla søknadssum på ca. 60 mill. kr. Grunna den store pågangen av søknadar må fylkeskommunen difor gje avslag på mange svært gode søknadar til prosjekt som ville ha hatt ein positiv effekt på regionen med omsyn til sysselsetting, klima og berekraft.

Fylkesutvalet vedtok 8. juni (PS 122/2020) å leggje til «*utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien*» som eit fokusområde for utkast til *Planprogram - Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland*. Med det som utgangspunkt kan fylkeskommunen bruke midlar frå disposisjonsfonda til å imøtekomme søknadar frå HNV 2020-ordninga. Midlane vil brukast på søknader som oppfyller dei generelle krava til handlingsprogrammet, ikkje innvilgast støtte med dei opphavelige midlar til søknadsordninga, men som samtidig har søkelys på problemstillingar knytt til koronapandemien og nedstenginga av samfunnet.

Utsette område

I kjølvatnet av koronapandemien og lågare oljeinvesteringar er det venta at ein god del kommunar og område vert varig råka. Fylkeskommunen har difor bedd om statlege midlar til omstilling i kommunar og utsette område, inn mot statsbudsjettet for 2021 og eit nasjonalt omstillingsprogram som ligg under den distriktpolitiske satsinga. Det er i første omgang bedd om 20-30 mill. kr til dette. Kommunal- og moderniseringsdepartementet ventar ei regional medfinansiering. Fylkeskommunen bør følgjeleg setje av midlar som skal dekke delfinansiering av innsatsen i samband med det nemnde omstillingsprogrammet. Det bør i første omgang setjast av ei fylkeskommunal medfinansiering på 4 mill. kr. Så vil ein etter kvart sjå omfanget av kva omstillingsarbeid som er naudsynt.

Utsette bransjar

I tillegg er det behov for å arbeide med omstilling av utvalde bransjar. Reiseliv og offshore-leverandørindustri er store bransjar på Vestlandet, som er utfordra av koronapandemien og de samfunnsmessige følgjeverknadene. Dei reduserte investeringane på kontinentalsokkelen råka hardt i ein del lokalsamfunn som leverer utstyr til olje- og gassektoren. Her vil det vere viktig å følgje moglegheitene for omstilling, ikkje minst for å gjere seg nytte av arbeidskraft og kompetanse inn mot nye næringer.

Satsing på reiseliv er viktig av tre grunnar: Næringa sysselset mykje folk, næringa sysselset for ein stor del menneske som ikkje finn arbeid i næringer med høge krav til utdanning, og kvar tredje krone av forbruket til dei besøkjande går til andre næringer enn overnatting, transport, servering og aktivitetar. Regjeringa foreslår i sitt seinaste forslag til hjelpetiltak for næringer, å opprette ei eiga kompensasjonsordning på inntil 1 milliard kr for reiselivsbedrifter med stort omsetningsfall. Fylkeskommunen har òg tildelt krisestøtte til Fjord Norge og destinasjonsselskapa i 2020, som har hatt til formål å 1) støtte og rådgje reiselivsbedriftene og 2) marknadsførebuande tiltak mot den nasjonale marknaden der det er råd å hente kundar. Destinasjonsselskapa er til vanleg dels finansiert av reiselivsbedriftene, som no i mindre grad har høve til å legge inn midlar. Fylkeskommunens innsats blir difor dess meir viktig. Det vert forventa at det framleis vil vere behov for støtte i 2021, og fylkeskommunen kan difor med fordel ha ein særleg innsats inn mot reiselivsnæringa i 2021 for å arbeide systematisk med å styrke marknadsinnsatsen og med omstilling/vidareutvikling av reiselivsnæringa.

Som ein del av tidlegare tiltak har Vestland Fylkeskommune auka støtta til bedriftsintern opplæring for å skape moglegheit for bedriftene til å heve kompetansenivåa, teste ut nye forretningsmoglegheiter og utvikle nye arbeidsmetodar. Ved ei ny utlysing av bedriftsopplæringsmidlar ventast det eit behov på minimum 5 mill. kr til å imøtekomme dei mest kvalifiserte søknadane, alternativt mindre dersom ordninga berre vert retta mot dei bransjane som er mest råka av koronapandemien, eksempelvis reiseliv og lokalmatprodusentar.

Vestland fylkeskommune skal bidra til å mobilisere til forskingsbasert innovasjon i privat og offentleg sektor. Gjennom FORREGION-programmet vert det arbeidd for å styrke den forskingsbaserte innovasjonsevna i små og mellomstore bedrifter med lite forskingserfaring. Den pågåande koronasituasjonen har styrka interessa for verkemidlane i FORREGION. Bedrifter leiter etter nye prosessar, produkt og innfallsvinklar til marknaden. Der møter dei eit kompetent korps med kompetansemeklarar som tilbyr dialog med enkeltbedrifter om innovasjonsutfordringane deira. Dei møter også ei ordning som kan tilby finansiering for å møte konkrete utfordringar i ein ofte krevjande situasjon. Grunna koronasituasjonen er det eit stort behov for å auke budsjettet i 2020 med regionale midlar.

Støtte til inkubatorar, næringshagar og kommunale/regionale næringsfond er andre aktuelle verkøy.

Eigeninitierte tiltak

Vestland Fylkeskommune er drivkraft og organisator for ei rekke tiltak knytt til dei strategiske måla som er skildra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling for Vestland 2020. Her kan nemnast prosjekt innanfor grøn konkurransekraft og klimainnovasjon, entreprenørskap og nyskaping, og utvikling av berekraftige byar og samfunn. Innanfor desse temaa vil det kunne oppstå behov som vi ikkje ser i dag, men der det vil ha stor effekt på situasjonen i utsette bransjar og lokalsamfunn at fylkeskommunen har økonomisk evne til å handle.

Skisse til fordeling av midlane mellom dei ulike føremåla

Ein skisse til fordeling av midlane på dei ulike områda går fram av tabellen nedanfor. Situasjonen i næringslivet utviklar seg framleis, og det er difor vanskeleg på noverande tidspunkt å vere heilt spesifikk i høve til både fordeling av midlane mellom dei tre områda og tildelingskriteria. Med dette ber fylkesrådmannen difor om ei fullmakt til å disponere dei avsette midlane med utgangspunkt i tabellen nedanfor, men med moglegheit for å justere innanfor dei rammene som er skildra over.

Koronarelaterte utviklingsprosjekt gjennom Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland	6 mill. kr
Utsette område	4 mill. kr
Utsette bransjar	5 mill. kr
Eigeninitierte tiltak	1,9 mill. kr

Vedtakskompetanse

I følgje § 48 nr. 3 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet. Fylkestinget har tildelt fullmakt om disponering av midlane til fylkesutvalet (PS 35/2020). Fylkesutvalet har delegert fullmakt om disponeringa til hovudutvalet for næring (PS 135/2020).

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka er knytt til disponering av fylkeskommunalt overskot frå 2019.

Klima: Det vert initiert tiltak og satsingar som er knytt til grøn konkurransekraft og omstilling på tvers av bransjar. Over tid forventar ein at dette vil positivt påverke samla utslepp i fylket.

Folkehelse: Det å sikre sysselsetting og inntekter til næringslivet i ulike lokalsamfunn har ein stor verknad på helsa til innbyggjarane.

Regional planstrategi: Full sysselsetting og berekraftig verdiskaping er sentrale politikkområde i den regionale planstrategien.

Konklusjon

Vestland står overfor store økonomiske utfordringar som følgje av korona-pandemien og nedstenginga av samfunnet. Bestemte bransjar er særleg hardt råka.

Til å avhjelpe situasjonen rundt dette har fylkesutvalet tildelt hovudutval for næring 17,9 mill. kr. av overskotet frå 2019. Hovudutvalet har fullmakt til å disponere midlane, men det er gjort intensjonsvedtak om å bruke midlane til ekstern støtte til lokalsamfunn og næringsliv med ekstraordinære behov grunna korona-situasjonen. 1 mill. kr er tidlegare løyvd, og den disponible summen er difor 16,9 mill. kr.

Vestland fylkeskommune er ein regional samfunnsutviklar, og kan med fordel nytte midlane til viktige utviklings- og omstillingstiltak i næringslivet for best mogleg å komplementere dei statlege og kommunale ordningane. Særleg tre område er identifisert som relevante i høve til avdelinga sine strategiske prioriteringar og ramma for bruken av midlane:

- Auka midlar til koronarelaterte utviklingsprosjekt gjennom Handlingsprogram for Vestland 2020
- Utsette område
- Utsette bransjar
- Eigeninitierte tiltak

Situasjonen i næringslivet utviklar seg framleis, og det er difor vanskeleg på noverande tidspunkt å vere heilt spesifikk i høve til både fordeling av midlane mellom dei tre områda og tildelingskriteria. Med dette ber fylkesrådmannen difor om ei fullmakt til å disponere dei avsette midlane innanfor de beskrivne rammene, i tråd med fylkesutvalet sitt tidlegare vedtak om tiltakspakke for næringslivet som følgje av koronapandemien (PS 42/2020).

Kommentar Covid-19 fra paneldeere	Søknadsnr.	Tittel	Søker	Søkt	Beskrivelse
Soknad 2020-0862 Næringshage i Hardanger. Skriver: Pga korona og andre praktiske årsaker har vi utvida den opprinnelige søknaden med eit halv år til ut 2021	2020-0862	Felles innovasjon og næringsutvikling Voss og Hardanger	Næringshagane i Hardanger AS, Voss og Ullensvang	400 000	Dei tre næringshagane i regionen Voss og Hardanger vil samarbeide om å hjelpe bedriftene m rettledning og kompetanseheving. Ein viktig del av prosjektet vil vere å utvikle dei tre organisasjonane til å samarbeide for å gje eit saumlaust tilbod. Siva har støtta prosjektet men krev at andre partar vert med i spleiselaget. Vi spjker om fullfinansiering for å utlyse støtta frå Siva. Pga korona og andre praktiske årsaker, har vi utvida den opprinnelige prosjektperioden med eit halv år til ut 2021.
0838 Matarena mener at Covid 19 reiser spesielle utfordringer FOR deres næringsaktører som det må arbeides meir med, også gjennom dette prosjektet. <u>Relevant</u>	2020-838	Videreutvikling av Matarenas kompetansenettverk for lokalmatprodusenter	Matarena	1 500 000	Vi søker om støtte til videreutvikling av Matarenas Kompetansenettverk for 2021-2023. Basert på tilbakemeldinger fra lokalmatprodusentene i nettverket fremkommer det et tydelig behov for kontinuitet i kompetansetilbudet. De ønsker å styrke fagkompetansen, øke innovasjonsevnen og utvikle samarbeid for å oppnå vekst og lønnsomhet. Det trengs ytterligere medfinansiering for at nettverket skal kunne stå på egne ben og ha en langsiktig og bærekraftig forretningsmodell.
Ikke kommentert i detalj	2020-0833	Søknad om stønad til full digital omstilling i Destinasjon Voss – forprosjekt	Destinasjon Voss AS	340 000	Dei siste månadane har Destinasjon Voss vore nøydd til å ta eit steg attende, sjå på eigen drift, og finna ut korleis me best kan bistå medlemsbedriftene våre i den omveltinga som no føregår. Hovudmålet til destinasjonsselskapet er å skape mest mogleg trafikk til og lønsemd i dei lokale reiselivsbedriftene. For å klare dette har me innsett at det må gjennomførast ei full digital omstilling i Destinasjon Voss.
0587 – skriv Som eit resultat av oljekrisa, koronapandemien og nasjonale og internasjonale klimamål og forpliktelser, er det forventet ein nedgang i talet på sysselsette knytta til peroleumsnæringa i åra framover. Arbeidet med å få gjennomført ringverknadsanalyse for havvind harstar då sentrale myndigheter no er i ein fase kor beslutninger no tas ifm. Motkonjunkturtiltak. <u>Dette synes eg nok er meir relevant!</u>	2020-0587	Ringverknadsanalyse for flytande havvind	Sunnhordaland	90 000	Med eit stort havrom, gode vindressursar og ein verdslende leverandøringdustri, ligg alt til rette for at Noreg kan ta ein betydeleg posisjon i eit voksende internasjonalt havvindmarknad. Utsira Nord er eitt av dei mest aktuelle områda Regjeringa vurderer å opne for utbygging av flytande havvind. Haugaland Vekst IKS vil i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS laga ein ringverknadsanalyse for utbygging av 2x500 MW vindparker i området.
En annen grund til at det er nødvendig å utvikle en systematisk, men fleksibel og individuelt tilpasset modell for kvalifisering har blitt tydelig under korona pandemien. Bransjer som får virket egnet til å kvalifisere flyktninger til, er det plutselig ikke lenger. Disse erfaringer viser at ikke bare flyktninggruppen men også arbeidsmarkedet kan endre seg plutselig, på en måte som gjør at vi vil komme til kort hvis våre kvalifiseringstiltak er låst inn mot enkelte bransjer.)	2020-0654	Jobbmatch for flyktninger	Askøy kommune	7 250 000	Prosjektet skal prøve ut en systematisk modell for individuell og fleksibel kvalifisering av flyktninger til varig deltakelse i arbeidslivet. Prosjektet er 5 årig og inkluderer flyktninger uten utdanning som heller ikke skal i gang med utdanningsløp. Denne målgruppen kan ha store helseutfordringer, både fysisk og psykisk og trenger tett oppfølging. Modellen inkluderer derfor kartlegging, motivasjonsarbeid, arbeidsrettet norskopplering, jobbsmak og individuell jobbstøtte i kvalifiseringsløpet.
NB. Hele søknaden gjelder omstilling i lys av Covid 19 (Fra søknaden: Grunnet koronarestriksjoner må NMD tenke nytt i 2021 for å opprettholde sin særegne rolle som Nordens største møteplass for mediefolk. Å holde et like høyt internasjonalt nivå på programmet som tidligere og å by på en verdifull møteplass for nettværking og faglig påfyll blir utfordrende. Dette vil NMD løse ved å utvikle et supplerende virtuelt studio i konferansens profil som ramme for digitale produksjoner. NMD vil også utvikle en interaktiv møteplass for delegater som deltar via streaming.)	2020-0743	Digitale omstillingstiltak: Virtuelt NMD-studio med interaktiv møteplass	Stiftelsen Nordiske Mediedager	400 000	Grunnet koronarestriksjoner må NMD tenke nytt i 2021 for å opprettholde sin særegne rolle som Nordens største møteplass for mediefolk. Å holde et like høyt internasjonalt nivå på programmet som tidligere og å by på en verdifull møteplass for nettværking og faglig påfyll blir utfordrende. Dette vil NMD løse ved å utvikle et supplerende virtuelt studio i konferansens profil som ramme for digitale produksjoner. NMD vil også utvikle en interaktiv møteplass for delegater som deltar via streaming.
NB. Nytt arrangement – eller gjenoppdaging av tidlegare arrangement (Frå søknaden: Vossadagane vil bli arrangert i veka før Vossa Jazz/palmehelga og skal bli eit årlig arrangement. I 2021 vil me på grunn av Korona-pandemien, avgrensa oss til fire dagar. Når det gjeld Covid-19, planlegg Vossadagane med utgangspunkt i dagens smitte- og smittevernsituasjon. Arrangementet er pakka inn med mange aktiverer og ulike lokaliteter slik at ein kan halde publikum under 200 pr arrangement)	2020-0800	Vossadagane 2021	Voss herad	600 000	Vossadagane skal bli ein Nasjonal konferanse som set aktuelle samfunns spørsmål under debatt. Det vert fleire parallelle delkonferansar under ein felles overbygning: «Kultur, idrett, turisme og næringsliv». Delkonferansane skal ha høgt fagleg nivå, og vere arena for erfaringsutveksling og innovativ debatt. I tillegg skal deltakarar og vossingar få oppleve kunst og kultur, fest og moro og kortreist mat og drikke.

Kommentar Covid-19 fra paneldeere	Søknadsnr.	Tittel	Søker	Søkt	Beskrivelse
Det at vi i 2020 plutsleg stod ovanfor ein heilt ny situasjon med eit pandemiutbrøt, endra kvar dagen til eit heilt næringsliv over natta. Covid-19 har skapt uro, ussive og frykt – for smitte, for arbeidsledighet og for framtida. Pandemien har påført verdøkonomien det største tilbakeslaget i nyare tid, og etterdønningane vil prege Norge og verden i årene som kjem. Dette gjer behovet større for endå fleire bedriftsleiarar som treng påfyll av kompetanse og rettleiing. Vi skal ikkje gløyme ambisjonane vi hadde før pandemien; Covid-19 situasjonen har forsterka behovet for jobb- og verdiskaping. I 2020 arbeider Aksello med finansiering frå Tiltakspakka til VLFK for å drive individuell rettleiing til bedrifter som står ovanfor utfordringar og moglegheiter grunna Covid-19 situasjonen. Gjennom denne rettleiinga ser Aksello eit behov for at bedrifter får eit tilbod om eit vidare program som kan hjelpe dei vidare i den strategiske utviklinga	2020-0821	Berekraftig Omstilling og Vekst i Etablert Næringsliv 2021-2023 (BOVEN123)	Aksello AS	1 575 000	Endringar skjer raskt, og kanskje viktigare enn før, er behovet for å akselerere innovasjons- og omstillingstakta. Prosjektet representerar 5 områder som skal gje ønska effekt. Gje næringslivet den rette omstillingskapasiteten (spesielt i høve C19-situasjon) Sikre ei berekraftig næringsutvikling der FN's berekraftsmål står sentralt i utviklingsarbeidet. Sikre, nytte og kople kunnskap i høve FoU og innovasjon. Auka merksemd på inkrementell innovasjon. Komlettere tilbodet for vekst og nyskaping.
Nevner covid-19 direkte	2020-0814	Forprosjekt - Regional reiselivsstrategi for Hardanger	Visit Hardangerfjord AS	280 000	Det eksisterer ingen regional uttalt strategi for reiselivsnæringen i Hardanger. Visit Hardangerfjord, det regionale destinasjonsselskapet i Hardanger, ønsker gjennomføre et forprosjekt som skal danne grunnlag til arbeidet med en regional reiselivsstrategi. I dette arbeidet ønsker vi gjennomføre en bred prosess som inkluderer kommunene Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Kvam og Kvinnherad, Hardangerrådet og reiselivsnæringen i regionen.
Prosjekt som en kan tenke seg er trigget av covid-19, men de nevner det ikke selv i søknaden	2020-0834	Forum Digitalis	Stiftelsen Maritime Bergen	300 000	Maritime Bergen har gjennom flere år tilbudt fagforum for medlemsbedrifter, og har hatt jevnlig møter. Den siste tiden har flere aktører i klyngen ytret ønske om å få bidrag til å kunne satse mer på digitalisering som et effektivt verktøy i veien mot lav og nulltullslipp; både i form av et nytt fagforum, samt kurs og informasjonsdeling.
Prosjekt som en kan tenke seg er trigget av covid-19, men de nevner det ikke selv i søknaden	2020-0490	Utvikle kulturdestinasjon sammen med Ytre Arna Museum	Oleana AS	700 000	Formålet er å utvikle en attraktiv kulturdestinasjon sammen med Ytre Arna Museum. Sistnevnte vil stå i spissen for prosjektet med oss. Vi/museet samarbeider godt, med mål om å løfte Ytre Arna. På museet er verdfullt historisk materiale fra Vestlandets eldste tekstilfabrikk som ble starten av industrialismen. I dag drives museet av frivillige/pensjonister, ildsjeler fra Arne Fabrikker (nedlagt i 1979). http://www.ytrearnamuseum.no/innsikt/ https://no.wikipedia.org/wiki/Arne_Fabrikker
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 1	2020-0625	Stiv kuling - omstilling i stampestjø.	Stiftelsen Maritime Bergen	50 000	Stiv kuling – Omstilling i stampestjø. En konferanse for kvinner og andre som brenner for mangfold i shipping og maritim næring; seldende, operatører, studenter og andre med hjerte for havet og fra hele Norge, får faglig påfyll, deler erfaringer og knytter bekjentskap.
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 1	2020-0789	Sogn for alle - integrering og inkludering	Sogn regionråd	1 500 000	Sogn regionråd har starta prosjektet Sogn for alle. Formålet med prosjektet er å få flere innvandrere til å bli buande i Sogn gjennom sysseletjing, fellesskap og gode buforhold. Gjennom prosjektet ønsker vi at innvandrere skal få brukt sine ressurser i arbeids- og samfunnsliv meir enn til no. Slik kan vi skape vekst i arbeidsplassar og god folketalsutvikling. For å lukekast med å halda på innvandrere vil vi jobba heilskapleg og styrka samarbeidet mellom offentleg, privat og frivillig sektor.
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 1	2020-0804	(ny søknad)Gründerprogram for flerkulturelle entreprenører	MIKS Ressurssenter for integrering og samhandling	300 000	MIKS, VIS og Marineholmen Makerspace har etablert en prosjektgruppe for sammen å utvikle "Gründerprogram for flerkulturelle entreprenører" som en ny metodikk og et verktøy for å stimulere til økt innovasjon, entreprenørskap og gründerverksomhet blant innvandrerebefolkningen. Målgruppen er innvandregründerne og -entreprenører som har behov for et tilrettelagt og tilpasset program i oppstarts- og utviklingsfasen av sin bedrift/idé. Programmet vil ha en praktisk tilnærming og ha 10 mnd varighet.
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 3	2020-0817	Internasjonalt kompetanseprogram i akvakultur for gründerne og vekstelskaper på Vestlandet	Hatch Blue Norway	900 000	Prosjektet skal bidra til en internasjonalisering av gründerne og vekstelskaper fra Vestlandet gjennom å utvikle et internasjonalt akvakultur kompetanseprogram. Prosjektet skal utnytte regionens komparative fortrinn innenfor akvakultur og tilføre kompetanse, nettverk og ressurser for at flere gründerne og vekstelskaper fra Vestlandet skal satse internasjonalt. Prosjektet vil koble inn fylkes regionale innovasjons-, og internasjonale nettverk og være et felles kompetanseløft for Vestlandsregionen.
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 1	2020-0823	Forprosjekt Kåovørk	Stryn Næringshage AS	280 000	Utgreiing av ein kunnskapshub og nettverksarena for næringsliv, gründerar, barn og ungdom i Nordfjord. Forprosjektet skal gjere greie for om det er mogleg å få dette til og på kva måte.
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 4	2020-0848	Produktutvikling og pakketering, Visit Sunnhordland	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	772 000	Visit Sunnhordland ynskjer å lyfte produktutvikling/produktsetning/pakketering av medlemstilbod – for betre synliggjerig og sal av produkt og destinasjon. Prosjektet er ei konkret frukt etter prosjektet "Deltakardriven produktutvikling". Sunnhordland har ikkje vore så synleg i forhold til reiselivsaktørane som - sidan reiselivets spede byrjing i Norge - viser fram Vestlandet med fjordar og Bergen. Området har eit stort potensiale i vekst på både aktivitet, mat/opplevingar og overnatting.

Kommentar Covid-19 fra paneldeere	Søknadsnr.	Tittel	Søker	Søkt	Beskrivelse
Antall treff ord korona/corona/covid i søknad: 3	2020-0852	Grønn og bærekraftig inspirasjon for bedrifter på ViVite	Bergen Vitensenter AS	2 000 000	ViVite utvikler en ny utstilling om bærekraft, vitensenterets største prosjekt noensinne. Målgruppen for utstillingen er fritidsgjester og skoleelever. ViVite har via innsiktsarbeid lært at bedrifter ønsker møteplasser, inspirasjon og kunnskap om bærekraftige løsninger. ViVite ønsker å bruke bærekraftsutstillingen og aktiviteter for å gi bedrifter en slik unik møteplass, og bidra til at virksomheter i Vestland blir inspirert til å ta grønne valg og iverksette konkrete bærekraftige tiltak.
			SUM SØKT	19 237 000	